

## **Manglande tilgang til journal**

Ein pasient hadde vore ved sentralsjukehuset for ein operasjon, og skulle etterpå flyttast over til eit lokalsjukehus. Pasienten hadde ingen spesielle komplikasjonar før reisa. Ambulansepersonellet fekk ei kort orientering om status til pasienten før avreise. Undervegs blei pasienten uvel og dårleg. Det vart mistanke om at pasienten hadde fått eit hjarteinfarkt. Ambulansepersonellet sette i verk observasjonar og tiltak i tråd med retningslinjer. Likevel opplevde dei å ha for lite informasjon om pasienten i denne situasjonen. Ambulansetenesta ikkje har tilgang til elektronisk pasientjournal (DIPS), slik som resten av sjukehusavdelingane.

### Årsaksanalyse:

Ambulansepersonellet hadde ikkje fått med seg overflyttingsnotat frå sjukehusopphaldet. Sidan sjukehusa no har elektronisk pasientjournal, er det ikkje vanleg å ta utskrift av notatet og sende med pasienten. Personellet opplevde det mangelfullt og utrygt å ikkje ha tilgang til meir helseopplysningar om pasienten enn det som var gitt ved munnleg rapport.

### Tiltak:

Ambulansepersonellet kontakta AMK, som sette i konferansesamtale med avdelinga der pasienten hadde vore innlagt. Det vart formidla relevant pasientinformasjon.

Det blei teke EKG, som vart overført til sjukehus og tolka av lege. Legen fann ut at det ikkje var hjarteinfarkt. Behandling av symptoma blei starta, og pasienten blei raskt transportert til næraste lokalsjukehus.

### Pasienttryggingsutvalet (PTU) si vurdering:

Ved ordinære transportoppdrag kan det oppstå uventa situasjonar. Det hadde vore nyttig for personellet i ambulansetenesta å ha tilgang til relevant og oppdatert helseopplysningar til pasienten, men trass dette fekk pasienten rask og god behandling. Ambulansepersonellet i fylket har god kompetanse på akuttsituasjonar, og har faste rutinar på korleis dei skal opptre når slike situasjonar oppstår. Med høve til å sende EKG til sjukehus og få vurdering av lege straks, har ambulansen alt utstyr som er nødvendig for å handtere slike hendingar.